


Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF

ÅRSRAPPORT

2025



INNHALD

1. Samansetning av RBU 2025	3
2. Møteverksemd	3
3. Høyringsuttale, innspel og andre skriftlege dokument	4
4. Saker og oppdrag i 2025	5
Deltakelse på konferanser	5
5. Tema som har vore særleg viktige i 2025	6
PASIENTTRYGGLEIK	6
UKOM	6
RUS OG PSYKISK HELSE	7
ELDRE BEFOLKNING	7
SÅRBARE GRUPPER	7
HELSEKOMPETANSE	8
PRIORITERINGAR	8
KOMMUNIKASJON	9
DIGITALISERING	9
FORSKNING OG UTVIKLINGSARBEID	9
BEREDSKAP	10
6. Kor står vi, og kor går vegen vidare	10

1. SAMANSETNING AV RBU 2025

Medlemmer

Atle Lunde	FFO Rogaland	Gjenvalg
Elin Svensen	FFO Rogaland	Ny representant
Harald Kvame Hansen	FFO Vestland	Gjenvalg
Tor-Johnny Agledal	FFO Vestland	Gjenvalg
Linda Haugland	FFO Vestland	Ny representant
Hege Skjelbred-Knudsen	Kreftforeningen	Gjenvalg
Berit Båtsvik	Pensjonistforbundet	Ny representant
Anne-Pia Lystrup	RIO	Gjenvalg
Francis Rodriguez	Vestland Innvandrerråd	Ny representant
Hege Kornberg Christensen	SAFO SørVest	Gjenvalg

Varamedlemmer

Cicel Aarrestad	FFO Rogaland
Karl Olaf Sundfør	FFO Rogaland
Ester Marie Weløy	FFO Vestland

Leiar: Atle Lunde

Nestleiar: Linda Haugland

Frå 1. september 2025 blei det endringar i representasjon frå Vestland innvandrerråd. Då blei Joyce B. Kamara ny representant etter Francis Rodriguez.

2. MØTEVERKSEMD

RBU hadde 11 møter i 2025. Eitt av møta blei gjennomført digitalt, medan dei andre møta var fysiske møte.

Den årlege samlinga for brukarutvala i Helse Vest blei arrangert i september som eit heildagsmøte i Stavanger, med 41 deltakarar til stades.

I tillegg deltok leiar og nestleiar på to regionale leiar-/nestleiar møte og to interregionale leiar-/nestleiar møte. Dei interregionale møta blei haldne i Oslo og Bodø.

3. HØYRINGSUTTALE, INNSPEL OG ANDRE SKRIFTLIGE DOKUMENT

Regionalt brukarutval sende tre høyringssvar i 2025:

- 20. januar 2025: Høyring om endringar i helsetilsynsloven og oppheving av lov om staten si undersøkelsesordning
- 24. april 2025: Endringer i forskrift om menerstatning ved pasientskader (endringer i invaliditetstabellen og forskrift om Norsk Pasientskadeerstatning m.m.)
- 5. mars 2025: NOU 2024:18 En universell tannhelsetjeneste

I tillegg ga brukarutvalet fleire innspel gjennom året:

- Innspel til Helse Vest RHF si årlege melding for 2024
- Innspel til styringsdokument for 2025 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS
- Innspel til felles retningslinjer for ungdomsråd på systemnivå
- Innspel til mål og indikatorar for pasienttryggleik
- Innspel til plan for internrevisjonen 2026–2027
- Innlegg på Helse- og kvalitetskonferansen i september 2025

RBU har òg utarbeidd «Strategiplan for regionalt brukarutval Helse Vest RHF 2025 – 2026»

I februar møtet fekk RBU besøk av Pasient- og brukarombodet. Under møtet blei det understreka kor viktig samarbeid mellom brukarutvala og ombodskontora er, og at partane kan ha gjensidig nytte av kvarandre.

Den 11. juni 2025 hadde brukarutvalet ein time sett av til dialog med styret, der saker som engasjerer brukarutvalet blei tekne opp.

4. SAKER OG OPPDRAG I 2025

RBU har behandla totalt 94 saker i løpet av 2025.

Ein sentral del av arbeidet til RBU har vore deltaking i ulike oppdrag, mellom annan gjennom arbeidsgrupper, fagnettverk, prosjektgrupper og utval på regionalt og interregionalt nivå. I 2025 hadde RBU til saman 54 aktive oppdrag. Av desse blei 16 oppdrag tildelte i løpet av året.

Nye oppdrag 2025

Journalføring PHV og TSB ved hjelp av Simple-metoden
Helhetlig pasientforløp for voksne med spiseforstyrrelser
Nasjonale arbeidsgruppe om hørselsomsorgen
Regionalt arbeid, forløp for pasienter innen sikkerhetspsykiatrien
Helse Vest innovasjonskomite våren 2025
Utviklingsplan for avtalespesialistordninga i Helse Vest
Nasjonale samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetjenesten
Regionalt fagnettverk for habilitering
Regionalt fagnettverk for traumebehandling
Regional komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk
Norpain smerteregister
Redusere overdosedødsfall som skyldes reseptbelagte midler
Evalueringskomite for skissesøknader til KLINBEFORSK
Regional handlingsplan for pasienter med kognitiv svikt og demens
Regionalt fagnettverk for onkologi
Nasjonalt arbeid, regional plan for helsetenester i fengsel

Deltakelse på konferanser

Medlemmer frå RBU har i 2025 deltatt på desse konferansane:

Helseinnovasjonskonferansen

Nettverkskonferanse om brukermedvirkning i forskning og fagutvikling innen psykisk helse og somatikk

Mestringskurs for smerte

DigitalHelse25

Kurs i brukermedvirkning i medisinsk og helsefaglig forskning

NorCRIN - internasjonal dag for kliniske studier

Kvalitets- og registerkonferansen

Konferanse for brukermedvirkning, LMS Helse Bergen

Rehabiliterings- og helsekonferansen

Helse- og kvalitetsregisterkonferansen
Brukerstemmen i Nye metoder seminar
Forskningsskonferanse Helse Vest
Pasientsikkerhetskonferansen
NorPrem-konferansen

5. TEMA SOM HAR VORE SÆRLEG VIKTIGE I 2025

PASIENTTRYGGLEIK

Pasienttryggleik og kvalitet i tenestene har vore ein gjennomgåande og sentral del av arbeidet til brukarutvalet, og ligg til grunn for deltaking i styrearbeid og ulike verv, både regionalt og nasjonalt.

Brukarutvalet har delteke i regionalt og nasjonalt arbeid for å etablere ein indikator som måler pasientar og pårørande si oppleving av behandlinga, såkalla pasientrapporterte erfaringsdata (PREM). Indikatoren byggjer på lovfesta rett til medverknad og vil gi kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i forbetningsarbeid på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, samt i forskning. Pasientrapporterte erfaringar kan også bidra til å identifisere område med høg tilfredsheit og vere eit verktøy for læring på tvers av føretaka.

For å synleggjere verdien og nytteverknaden av denne indikatoren har brukarutvalet delteke på fleire konferansar, mellom anna gjennom postarutstillingar og faglege innlegg.

Reduksjon av ventetider har òg vore eit prioritert område i 2025. Brukarutvalet har bidrege i dette arbeidet gjennom innspel til både administrasjonen og styret.

UKOM

Brukarutvalet var i 2025 tydeleg imot forslaget om å leggje ned Statens undersøkingskommisjon for helse- og omsorgstenesta (Ukom). Utvalet meiner at eksterne og uavhengige kontrollorgan er avgjerande for å sikre pasienttryggleik, både for den enkelte pasient og for helsetenestene som system.

Pasientar sine erfaringar er viktige for å avdekkje sårbarheiter, uønskte hendingar og behov for forbetring i tenestene. I høyringssvaret argumenterte brukarutvalet difor for at Ukom bør styrkjast og vidareutviklast, heller enn å bli avvikla. Utvalet ser Ukom som eit viktig talerøyr for pasientar og pårørande, også i framtida.

Brukarutvalet registrerer med tilfredsheit at Ukom blir vidareført som ei uavhengig instans.

RUS OG PSYKISK HELSE

Helse Vest har omorganisert tilbud innan psykisk helsevern og rusbehandling, mellom anna for å redusere behandlingstid og styrkje rehabilitering og oppfølging. Tilbakemeldingar frå ulike brukargrupper varierer, noko som viser at tilboda i større grad må tilpassast den enkelte pasient og dei ulike fagområda.

Regionalt brukarutval meiner førebygging er særleg viktig innan rusfeltet, og at innsats retta mot miljøa rundt sårbare barn og unge må prioriterast for å førebyggje utvikling av rusavhengigheit. Samstundes peikar brukarutvalet på at pasientar med særleg omfattande og komplekse behov, til dømes domfelte i tvungent psykisk helsevern, krev betydelege ressursar. Manglande eller lite tilpassa tilbod til denne gruppa kan føre til unødvendig lange opphald i spesialisthelsetenesta. RBU er skuffa over at vi ikkje klarer å styrke rus/psykiatريفeltet slik opptrappingsplanen og den gyldne regel legg opp til.

Brukarutvalet understrekar òg at eldre med psykiske helseutfordringar har behov for auka ressursar og tilpassa tilbod. Utvalet har gitt innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om behovet for ei styrkt satsing på desse områda.

ELDRE BEFOLKNING

For den eldre delen av befolkninga er førebyggjande tiltak avgjerande for at fleire kan bu lengst mogleg heime og få redusert behov for helse- og omsorgstenester. Eldre som bur på sjukeheim, bør i størst mogleg grad få behandling der dei bur, kombinert med bu- og omsorgsløysingar som sikrar trygge og tilpassa tilbod.

Godt samarbeid mellom heimetenesta, fastlege og spesialisthelsetenesta er nødvendig for å sikre samanhengande pasientforløp og oppretthalde tillit i befolkninga. Mange eldre utviklar demens eller annan kognitiv svikt, noko som medfører stor belastning for den enkelte, pårørande og helsetenestene.

Brukarutvalet meiner at tilbod innan læring og meistring, både i kommune- og spesialisthelsetenesta, kan bidra til å styrkje både fysisk og psykisk helse hos eldre. Slike tiltak kan gjere fleire i stand til å bu heime lenger og meistre eigen kvardag betre.

SÅRBARE GRUPPER

Brukarutvalet meiner at sårbare grupper bør få særskilt merksemd, slik at dei får likeverdige og gode tenester uavhengig av diagnosar, hjelpebehov og funksjonsnivå. Utvalet fremjar universell utforming i alle samanhengar.

Minoritetsspråklege pasientar og pårørande er ei gruppe som treng ekstra omsyn. Tenestene kan bli betre ved å involvere brukarar med kompetanse på området i forbetningsarbeidet. Manglande tolketenester i spesialisthelsetenesta fører ofte til lang ventetid, og pårørande blir brukt som tolkar. Dette kan medføre risiko for feilinformasjon og påverke kvaliteten på behandlinga.

Pasientar med kognitiv svikt, til dømes personar med utviklingshemming, kan ha avgrensa eller ikkje-verbalt språk. Dette gjer det nødvendig å involvere pårørande som eit talerøyr og støtte for pasienten. Utviklingshemma pasientar er ofte ei oversett gruppe i helsetenestene, med lidingar som ofte er samansette og komplekse. Ei utfordring er manglande kunnskap og kompetanse knytt til diagnostisering av psykisk sjukdom.

Det er også stor variasjon innan kroniske lidingar; nokre er godt kjende, medan andre er vanskelege å diagnostisere. Dette er uheldig, fordi personar med utviklingshemming og samansette tilstandar er særleg utsette for psykiske lidingar.

HELSEKOMPETANSE

Brukarutvalet arbeider gjennom heile året for å fremje helsekompetanse. Helsekompetanse gir pasientar og pårørande verktøy til å meistre kroniske lidingar og langvarig sjukdom, og aukar livskvaliteten både for pasienten og familien.

Regionalt brukarutval ser fordelar ved å utvikle digitale, diagnoseuavhengige kurs, til dømes innan ernæring, smertehandtering og fysisk aktivitet. Slike kurs kan bidra til å førebyggje livsstilssjukdommar og styrkje pasienten sin evne til å ta trygge helseval.

Personar med høg helsekompetanse har ofte færre reinnleggingar og meistrar eigen kvardag betre. Førebyggjande tiltak og eigenomsorg kan redusere sjukdomsbyrde og framtidig behov for behandling. Pasient- og brukarorganisasjonar kan vere eit viktig supplement i dette arbeidet, særleg i ei tid med knappe ressursar.

PRIORITERINGAR

Knappe ressursar er ei utfordring både i dag og i framtida, både når det gjeld medarbeidarar og økonomi. Dette krev at ressursane blir brukt på ein riktig og målretta måte. Brukarutvalet deltek i arbeidet med å innføre nye metodar i helsetenestene for å tilpasse tilboda til ein berekraftig framtid.

Innan radiologi har brukarutvalet arbeidd for å redusere den unødige bruken, særleg innan ortopedi. Vi er òg sterkt involvert i utviklinga av digitale helsetenester, og talar pasientanes sak når det gjeld pasientrettar, personvern og rett til informasjon. Nye digitale tenester skal vere universelt utforma, slik at dei er tilgjengelege for flest mogleg og at ingen pasientar opplever digitalt utanforskap.

Brukarutvalet deltar i ulike prosjekt og arbeidsgrupper som direkte eller indirekte påverkar prioriteringar, mellom anna Nye metodar, Regional Etisk Komité (REK), pasientars prøvesvar, pasientreiser og utviklingsplan for avtalespesialistordninga. Innafor kreftomsorga har vi vore delaktige i «Comprehensive Cancer Centre-akkreditering» og «Regionalt nettverk for presisjonsmedisin». Vi vil òg følgje opp internrevisjonen sin rapport om «Pakkeforløp kreft». Målet med brukarmedverknad er at all revisjon og nyskapning skal styrkje berekrafta, følgje samfunnsøkonomiske føringar og samstundes sikre at tilbodet til pasientane ikkje blir svekt.

KOMMUNIKASJON

God kommunikasjon og ei tydeleg språkprofil er avgjerande for å skape tillit, både i direkte pasientkontakt, i tilvisingsbrev og i informasjon til befolkninga generelt. Informasjonen skal vere kunnskapsbasert, oppdatert og gjort tilgjengeleg gjennom trygge kanalar, til dømes Helsenorge.

Informasjonstilbodet skal utformast på eit språk som er lett å forstå, og skal oppfordre til samval og auka medverknad. All kommunikasjon må vere universelt utforma, slik at alle kan lese, høyre og forstå innhaldet, både skriftleg og munnleg.

Brukarutvalet har gitt innspel på informasjonsmateriell og ønskjer å vere endå meir aktive i dette arbeidet framover.

DIGITALISERING

Det er heilt nødvendig å utvikle og forbetre digitale løysingar for å sikre likeverdige og gode tenester. Digitale løysingar kan vere spesielt nyttige for personar som bur langt frå helsetenestene eller har utfordringar med transport.

Auka bruk av digitale løysingar kan frigjere ressursar og gi rom for eit betre tilbod til pasientar som treng personleg frammøte. Digitalisering opnar òg for direkte kommunikasjon mellom behandlar og pasient, og kan vere ein viktig del av oppfølging og rehabilitering for både pasientar og pårørande.

Brukarutvalet forventar at framtidige digitale løysingar inkluderer eit felles journalsystem som omfattar både spesialist- og primærhelsetenesta. Utvalet følgjer også nøye med på utviklinga innan kunstig intelligens, som kan bli eit effektivt verktøy for diagnostisering innan både somatisk og psykisk helse.

FORSKNING OG UTVIKLINGSARBEID

Brukarutvalet ser stor nytteverdi i forskning og innovasjon som har som mål å forbetre helsetenester, system og kunnskap i helsetenesta. Utvalet arbeider strategisk for å sikre reell brukarmedverknad i prosjekter, og støttar Helse Vest sitt mål om at fleire pasientar skal delta i forskning. Kunnskap som kjem frå forskning, bør vere lettare tilgjengeleg i sanntid. Det er av stor verdi å inkludere brukarmedverknad for å styrkje relevans og kvalitet for pasientar og pårørande. Brukarutvalet har fleire gonger peika på behovet for ei tydelegare avklaring av omgrepet «brukarmedverkar». I dag vert tilsette i helseføretaka stundom rekna som brukarmedvirkarar noko som kan gå ut over den erfaringsbaserte brukarmedverkinga som brukarrepresentantane skal bidra med. Tilsette har ein viktig rolle, men dei bidrar med fagkompetanse eller erfaring frå eit tilsettperspektiv, og må definerast annleis enn brukarmedverkar.

Brukarutvalet ser fram til revidering av rettleiaren for brukarmedverknad i forskning og innovasjon, og ønskjer at Helse Vest utarbeider ein tydeleg definisjon som presiserer at ein brukarmedverkar skal bidra med erfaringsbasert kunnskap.

BEREDSKAP

Det er høg merksemd på beredskap, både regionalt og nasjonalt, som følgje av klima- og miljøendringar, dataangrep, urolige tider og krig. Dei faglege dokumenta som er utarbeidd, er gode, men brukarutvalet etterlyser brukarinvolvering på både regionalt og nasjonalt nivå for å ivareta pasient- og pårørandeperspektivet.

Det er viktig at befolkninga, særleg sårbare personar med kroniske lidingar, alvorlege sjukdommar og hjelpemiddel som er avhengige av straumforsyning, får tryggleik om at dei vil bli ivaretekte ved utføresette hendingar. For å sikre dette må det finnast ein konkret plan som viser korleis ivaretakinga skal gjennomførast.

6. KOR STÅR VI, OG KOR GÅR VEGEN VIDARE

Brukarutvalet ser at helsetenestene står i ein krevjande situasjon, prega av mangel på medarbeidarar og stramme økonomiske rammer. Dette legg press på både kapasitet og kvalitet i tenestene, og gjer det ekstra viktig å sikre trygge, samanhengande og berekraftige pasientforløp. I 2025 har brukarutvalet gitt innspel på vegner av pasientar og pårørande for å bidra til at brukar- og pårørandeperspektivet blir ivareteke i vidare utvikling av tenestene.

Eit sentralt utviklingsområde framover er læring og meistring. Brukarutvalet vurderer at dette området har stort potensial, men at innsatsen i dag ikkje er tilstrekkeleg til å gi varig og berekraftig gevinst. Framover ønskjer brukarutvalet å bidra meir aktivt i vidareutviklinga av lærings- og meistringstilbod, mellom anna gjennom tettare samarbeid med Læring og meistring (LMS). Målet er å styrkje pasientar og pårørande sin kompetanse om eigen helse, eigenmeistring og det å leve godt med kronisk sjukdom og langvarige helseutfordringar.

Brukarutvalet vil arbeide for at lærings- og meistringstilbod blir utvikla i samarbeid med brukarar og pårørande, og at tilbodet er tilgjengeleg for ulike grupper i befolkninga. Dette inneber både fysiske og digitale kurs, samt ei kombinasjon av generelle og meir målretta tilbod. Særleg vil brukarutvalet vere oppteke av at språklege, kognitive og digitale barrierar ikkje skal hindre deltaking eller svekkje pasienttryggleik og rettar.

Vidare ønskjer brukarutvalet å halde fram arbeidet med å fremme gode pasientforløp gjennom betre samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Tidleg utskrivning frå sjukehus og meir rehabilitering i primærhelsetenesta stiller høge krav til koordinering, informasjonsdeling og rolleavklaring. Brukarutvalet vil også løfte fram pasient- og brukarorganisasjonane som ein viktig ressurs i dette arbeidet, og bidra til at desse i større grad blir tekne i bruk på ein systematisk og føreseieleg måte.

Regionalt brukarutval ønskjer i tida framover å ha særleg merksemd på førebygging og tidleg innsats. Førebyggjande arbeid er avgjerande for berekrafta i helsetenestene og for helse,

meistring og livskvalitet for den einskilde. Brukarutvalet vil difor arbeide for at førebygging, læring og meistring blir ein meir integrert del av tenesteutviklinga framover.



Helse Vest RHF
Postboks 303
4068 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

